



# Vågsøy kommune

## Møteprotokoll

### Formannskap

<b>Møtested:</b>	Formannskapssalen, 3. etg. Rådhuset
<b>Møtedato:</b>	30.05.2013
<b>Tidspunkt:</b>	13:00 - 14:30

**Til behandling:**      **Saksliste nr. 042/13 - 046/13**

#### Medlemmer:

H - Morten Andreas Hagen (Ordfører)  
AP - Kristin Maurstad (Varaordfører)  
BR - Einar O. Midtbø (Medlem)  
FRP - Hogne Bleie (Medlem)  
SP - Asgeir Solheim (Medlem)  
V - Marit Sætren (Medlem)  
KRF - Dag Almenning (Medlem)  
V - Edvard Johan Iversen (Medlem)  
H - Rolf Steinar Domstein (Medlem)

Av 9 medlemmer møtte: 9. Totalt frammøtte: 9

Fra administrasjonen møtte: rådmann Svanhild Mosebakken,

Måløy 30. mai 2013

Morten A. Hagen  
Ordfører

Linda A. Myhre Larsen  
tjenesteleder Service

## Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
042/13	Godkjenning av møteprotokoll	
043/13	Referatsaker	
044/13	Kommunedelplan for Oppvekst i Vågsøy kommune, 2012-2024 - Strukturdel - innleige av konsulenthjelp	
045/13	Moldøen friluftsområde - opprette investeringsprosjekt	
046/13	Merking turstiar - kommunal medfinansiering	

### På saklisten er det kommet til følgende:

Ref.sak 7: Høring – administrativ organisering av Sogn og Fjordane politidistrikt

K-sak 046/13: Merking turstiar – kommunal medfinansiering

### **Flytting av generalforsamlinger fra 06.06.2013 til 13.06.2013.**

Flytting av generalforsamlinger fra 06.06.2013 til 13.06.2013 er ønskelig. Muligheten for dette er tatt opp og avklart med ASVO AS v/daglig leder Betty Hessevik, Vågsøy Parkering AS v/leder Helge Hjelle og Nordfjordhallen Drift AS v/styreleder Paul Inge Angelshaug.

Formannskapet slutter seg til dette og generalforsamlingene blir avholdt torsdag 13.06.2013, samme dag som det avholdes Formannskap- og Planutvalgsmøte.

Formannskapsmøtet ble i forkant av behandling av F-sak 044/13 lukket jfr. Off.lova § 13. Kommunalsjef Tone Holvik orienterte fra fagmøte innen oppvekst.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	30.05.2013	042/13

<b>Endelig vedtak i:</b> Formannskap	<b>Arkivsaknr.:</b> 13/825	<b>Saksansvarlig:</b> Linda Alice Myhre Larsen
---	-------------------------------	---

## Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

### 30.05.2013 Formannskap

#### Møtebehandling:

Ingen merknader.

### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

F-042/13

#### Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 13.05.2013 er utsendt på mail og ligger under «Mine referater» i Politikerportalen.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	30.05.2013	043/13

<b>Endelig vedtak i:</b> Formannskap	<b>Arkivsaknr.:</b> 13/824	<b>Saksansvarlig:</b> Linda Alice Myhre Larsen
---	-------------------------------	---

### Referatsaker

#### Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

#### 30.05.2013 Formannskap

##### Møtebehandling:

Ref.sak 1: Utlysning prosjektstilling Interkommunalt samarbeid – Vanylven kommune ikke inkludert  
Vanylven kommune er ikke med i utlysningen. Vanylven kommune ønsker ikke å være med i selve utlysningsteksten, men ønsker å komme med etter hvert.

##### Ref.sak 5: Oppmoding om busetting av flyktninger i 2014 - 2016

Repr. Marit Sætren stilte spørsmål om hva som skjer i denne saken. Vågsøy kommune har forpliktet seg til å ta i mot flyktninger.

Ordfører Morten A. Hagen og rådmann Svanhild Mosebakken orienterte at det er ikke forventet at kommunen tar imot flyktninger før i 2014. Ordfører har bedt administrasjonen om å komme i gang med arbeidet. Utfordringer og problemstillinger må sees på.

Rådmann vil legge frem notat i saken i neste kommunestyremøte 20.06.2013.

#### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

F-043/13

#### Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

#### Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	13/6225	23.05.2013	Selje kommune	Utlysning prosjektstilling Interkommunalt samarbeid - Vanylven kommune ikke inkludert
2	13/4985	30.04.2013	Kontrollutvalet i	Møteprotokoll for

				Vågsøy kommune	Kontrollutvalet 25.04.2013 - Sak 13/13 - 19/13
3	13/4986	I	30.04.2013	Kontrollutvalet i Vågsøy kommune	Møtebok Kontrollutvalet 25.02.2013 - Sak 17/13 Orientering ved rådmannen
4	13/5163	I	03.05.2013	Utlendingsdirektoratet	Etablering av mottak for asylsøkjere - Utlegging anbudskonkurranse asylmottak
5	13/5944	I	21.05.2013	Integrerings- og mangfoldsdirektoratet	Oppmodning om busetting av flyktninger i 2014 - 2016
6	13/6189	I	08.05.2013	Det kongelige justis- og beredskapsdepartementet	Høringsbrev NOU 2013: 5 - Når det virkelig gjelder - Frist 15.08.2013
7	13/5748	I	13.05.2013	Sogn og Fjordane politidistrikt	Høring - administrativ organisering av Sogn og Fjordane politidistrikt



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	30.05.2013	044/13
Kommunestyre	30.05.2013	044/13

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 12/35	Saksansvarleg: Tone Holvik
------------------------------------	-----------------------	-------------------------------

## Kommunedelplan for Oppvekst i Vågsøy kommune, 2012-2024 - Strukturdel - innleige av konsulenthjelp

### Rådmannen si innstilling

Kommunestyre vedtek å starte opp driftsprosjekt for anbod på konsulenttenester for kommunedelplan oppvekst 2012 – 2024 - strukturdelen. Prosjektet vert finansiert innan område skule. Finansiering vert å kome attende til i økonomimelding 1.

### 30.05.2013 Formannskap

#### Møtebehandling:

Rådmann Svanhild Mosebakken orienterte og Formannskapet diskuterte saken.

V/repr. Edvard Iversen fremmet følgende forslag til vedtak:

«Kommunestyret vedtek å starte opp driftsprosjekt for anbod på konsulenttenester for Kommunedelplan Oppvekst 2012 – 2024 – Strukturdelen.

Prosjektet vert redusert til å gjelde utgreiing av strukturen slik han er i dag med følgjande tema:

- Naudsynt utbygging på Skavøypoll for multifunksjonshemma barn
- Tilrettelegging på Skram eller Holvik for funksjonshemma barn
- Eventuelt nye areal til barnehage for manglande plass på Skram og Holvik
- Trinnvis rehabilitering av VUS
- Ei totaloversikt over bygningsmassen og samhandling mellom alle einingane.

Den trinnvise rehabiliteringa av VUS vert arbeidd vidare med i prosjekt 2051 Skisseprosjekt Ny Ungdomsskule og symjeanlegg, som vert tilpassa det nye vedtaket.

For barneskulane og barnehagane vert det budsjettert med inntil kr. 200.000,- som råme for anbodsprosessen. Denne kostnaden vert å innarbeide i Økonomimelding I innanfor område skule.»

KRF v/repr. Dag Almenning og FrP v/repr. Hogne Bleie fremmet følgende forslag til vedtak:

«Kommuneadministrasjonen vert bedt om å utrede 2 modellar slik det er vedteke i Planutvalet 11.04.2013.

Det kan nyttast teknisk hjelp innanfor kr. 200.000,- som er nødvendig for å få fram «rammepriser» for rehabilitering/tilbygg som må til i dei 2 modellane.

Finansering vert å komme tilbake til i Økonomimelding I, finansiert innan skule.»

## **Votering**

Formannskapet voterte først over forslag fra V v/repr. Edvard Iversen:

Forslaget falt mot 4 stemmer.

Formannskapet voterte deretter over forslag fra KRF v/repr. Dag Almenning og FrP v/repr. Hogne Bleie.

Forslaget falt mot 7 stemmer.

Formannskapet voterte til slutt over rådmannens innstilling. Rådmannens innstilling falt mot 6 stemmer.

F-044/13

## **Vedtak:**

Ingen vedtak.

## **Aktuelle lover, forskrifter og plandokument**

Barnehagelov med forskrifter

Rammeplan for innhald og oppgåver i barnehagen

Formålsparagraf for barnehagen 2010

Opplæringslova med forskrifter

Læreplanverket

Forskrift om Miljøretta Helsevern i barnehage og skule

St. meld. 18 (2010–2011) Læring og fellesskap. Tidlig innsats og gode læringsmiljøer for barn, unge og voksne med særlige behov

St. meld. 22 (2010 – 2011) Motivasjon – Mestring – Muligheter, Ungdomstrinnet

St.meld. nr. 16 (2006-2007) ".....og ingen stod igjen"

St. meld. nr. 31 (2007-2008) "Kvalitet i skolen"

St. meld. nr. 41 (2008-2009) "Kvalitet i barnehagen"

St. meld. nr. (2009-2010) "Tid til læring" (Oppfølging av Tidsbruksutvalets rapport

NOU 2009:18 "Rett til læring" (Betre læring for barn, unge og voksne med særskilte behov)

NOU 2009:22 "Det du gjør, gjør det helt" (Betre samordning av tenester for utsette barn)

NOU 2010:7 "Mangfold og mestring" (Fleirspråklege, born, unge og voksne i opplæringssystemet.)

Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova)

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. (helse og omsorgstenestelova)

Kulturlova

Lov om barnevernsteneste

Lov om folkebibliotek

Plan- og bygningslov (pbl)

Kommuneplan 2002-2014

Planstrategi og planprogram for revisjon av kommuneplanen 2012-2024

Handlingsprogrammet 2012-2015

Kommunedelplan for helse og omsorg, 2012-2024

Planprogram for Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy kommune, 2012-2024

## **Bakgrunn for saka**

Kommunestyret i Vågsøy har vedteke å starte opp arbeidet med kommunedelplan for skule. Gjennom handlingsprogrammet er dette endra til at ein skal utarbeide Kommunedelplan for skule og barnehage, kvalitet og struktur. For å kunne lage ein kommunedelplan som omhandlar kvalitet for skule og barnehage må støttefunksjonane inkluderas. Det er difor valt å gje planen eit meir dekkande namn, Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy.

Planprogram for kommunedelplan oppvekst 2012 - 2024 er lagt til grunn for arbeidet med planen.

Plana har lagt ute til høyring i perioden 22.10.2012 – 03.12.2012.

Planutvalet vedtok den 11. april 2013 i sak F-035/13 å starte opp arbeid med å greie ut 2 modellar for framtidig struktur for barneskulane og barnehagane. Dei 2 modellane er som følgjer:

1. Struktur som i dag. Naudsynt utbygging på Skavøypoll for multifunksjonshemma barn. Tilrettelegging på Skram eller Holvik for funksjonshemma barn. Evt. nye areal til barnehage for manglande plass på Skram og Holvik. Trinnvis rehabilitering av VUS.
2. Legge ned Holvik skule og Bryggja skule. Bygge ut Skavøypoll skule for multifunksjonshemma barn og elevar frå Bryggja . Bygge ut Skram skule for funksjonshemma barn og elevar frå Holvik. Barnehage i Holvik skule. Trinnvis rehabilitering av VUS.

Den trinnvise rehabiliteringa av VUS vert arbeidd vidare med i prosjekt 2051 Skisseprosjekt ny ungdomsskule og symjeanlegg, som vert tilpassa det nye vedtaket.

Det er ikkje kompetanse eller kapasitet i administrasjonen til å få gjort dei tekniske vurderingane som er naudsynt av skulebygga vi har i dag. Det er difor trong for å få inn ekstern konsulenthjelp for å kunne gjere eit godt arbeid for det valet vi skal gjere til slutt.

## **Saksopplysningar / fakta**

Målsetting:

Dei to ulike alternativa skal vurderast opp mot kvarandre.

Viktige moment:

- rehabilitering som krev minst mogleg ombygging/rehabilitering
- framtidige driftskostnader
- levetid bygg
- levetid tekniske anlegg
- prosjekt- og kapitalkostnader
- FDVU-kostnader (forvaltning-, drift-, vedlikehald- og utviklingskostnader)
- arealeffektivitet
- funksjonalitet

## **Vurdering / konsekvensar**

Konsulenten skal i lag med prosjektgruppe og administrasjon kome fram til>

Kostnad for 5 skular (som no)

- behov for investering og kor tid
- driftsutgifter vidare

Kostnad for 3 skular (Skavøypoll, Skram og Raudeberg)

- behov for investering og kor tid
- driftsutgifter vidare



Arbeidet skal vise investeringsbehov (absolutt naudsynt rehabilitering) pr skule og reduserte driftsutgifter totalt ved evt. nedlegging av skular.

Driftsprosjektet vert organisert i tråd med vedlagde prosjektbeskriving.

Vedlegg:

Dok.nr

111865

Tittel på vedlegg

XXXX UTGREIING AV MODELLAR FOR FRAMTIDIG STRUKTUR FOR BARNESKULAR OG BARNEHAGAR I  
KOMMUNEN



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	30.05.2013	045/13
Kommunestyre	30.05.2013	047/13

<b>Endeleg vedtak i:</b> Kommunestyret	<b>Arkivsaknr.:</b> 13/644	<b>Saksansvarleg:</b> Odd Gunnar Myhre
---	-------------------------------	---

## Moldøen friluftsområde - opprette investeringsprosjekt

### Rådmannen si innstilling

Kommunestyret godkjenner oppstart av investeringsprosjekt 4042. Finansierast ved bruk av eideomsfondet.

### 30.05.2013 Formannskap

#### Møtebehandling:

Ingen merknader som foranlediget endringsforslag.

#### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

F-045/13

#### Vedtak:

Kommunestyret godkjenner oppstart av investeringsprosjekt 4042. Finansierast ved bruk av eideomsfondet.

## Bakgrunn for saka

Måløy Disc Golfklubb (MDG) har teke kontakt med Vågsøy kommune for å få rehabilitert/oppgradert frisbeebana som vart etablert på Moldøen i 1987. Anlegget har dei siste åra ikkje vore i drift. Vi må no ta stilling til om Vågsøy kommune skal stå som utbyggjar av anlegget og eventuelt godkjenne oppstart av investeringsprosjekt som ligg ved.

Årsaka til at det blir teke opp no og ikkje i samband med Økonomimelding I, er at MDG har som mål at anlegget skal stå klart til Måløydagane. Det er planar om eit arrangement på anlegget då..

## Saksopplysningar / fakta

For å få tildelt spelemidlar til anlegg under ordninga «Mindre kostnadskrevjande anlegg» må vi ha løyve frå grunneigar til å ha anlegget plassert der i minimum 10 år. Vågsøy kommune har søkt og

fått løyve frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til å etablere anlegget på Moldøen. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane opptretr som grunneigar og rettshavar av området på vegne av staten v/Direktoratet for Naturforvaltning. I løyvet ligg det føre nokre kriterium som vi må ta omsyn til ved etablering og bruk. Ei av føresetnadane er at «diskgolf-aktivitetem må ikkje fortregjia eller vanskeleggjia ålmenta si bruk av området, og vere tilrettelagt slik at den ikkje kjem i konflikt med det almenne friluftslivet».

Det er og ynskje frå fylkesmannen at kommunen lagar forvaltningsplan for området.

Kommunen har det formelle ansvaret for forvaltninga av området og anlegget kan difor sjåast på som kommunal eigedom.

MDG har i det siste gjort ein stor innsats for å fjerne vegetasjon, det har gitt området eit stort løft. Ved å legge til rette for Frisbee aktivitet håpar vi at området skal bli meir brukt og at fleire skal kome seg i fysisk aktivitet.

Det er henta inn prisar på anlegget. Alt arbeid med å sette opp anlegget skal MDG gjere på dugnad.

#### **Kostnader:**

Korger inkl. fester	75 000
Utkastskilt	23 000
Infoskilt	7 000
Banedisign/kartteikning	15 000
Moms	30 000
<b>Totalt</b>	<b>150 000</b>

Kostnader i samband med frakt har MDG fått sponsor til.

#### **Finansiering:**

Spelemidlar frå fylket	40 000
Tilskot frå MDG	80 000
Eigedomsfondet (mva komp)	30 000
<b>Totalt</b>	<b>150 000</b>

Fylket har tildelt 40 000 kroner gjennom ordninga mindre kostnadskrevjande anlegg. Det kommunale bidraget knyter seg til mva kompensasjon. Alt arbeid med å etablere anlegget har MDG tatt på seg.

## **Vurdering / konsekvensar**

Det er viktig å skape engasjement rundt Moldøen for at området skal bli tatt vare på. Dei siste åra har det kome opp mykje kratt og skog. MDG har engasjert seg i dette arbeidet og har fjerne mykje av dette med tanke på å gjere Moldøen meir attraktiv og få etablert dette anlegget.

Gjennom avtalen som ligg ved vil ein regulere aktiviteten slik at den ikkje kjem i konflikt med det allmenne friluftslivet.

Målet er å få meir aktivitet på Moldøen, dette er ein aktivitet som folk i alle aldrar kan delta på. Engasjementet som er vist på Moldøen av MDG er positiv og at dei vidare vil arbeide for å «løfte» Moldøen som eit friluftsområde er prisverdig.

Rådmannen tilrår at kommunestyret godkjenner investeringsprosjekt 4042.

Vedlegg:

Dok.nr

110364

112244

112245

Tittel på vedlegg

Banekart.doc

4042 Moldøen - Etablering av anlegg for frisbee på Moldøen.docx

Avtale mellom Vågsøy kommune og Måløy Disc Golf.doc

### Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottaker</b>	<b>Tittel</b>
1	I	18.04.2013	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Moldøen friluftslivsområde, Vågsøy kommune - løyve til etablering av disk golf
3	I	06.05.2013	Måløy Disk Golf	Banekart



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	13.05.2013	037/13
Oppvekst- og kulturutvalg	14.05.2013	026/13
Kommunestyre	30.05.2013	046/13
Formannskap	30.05.2013	046/13

<b>Endeleg vedtak i:</b> Kommunestyret	<b>Arkivsaknr.:</b> 12/707	<b>Saksansvarleg:</b> Odd Gunnar Myhre
---	-------------------------------	---

## Merking turstiar - kommunal medfinansiering

### Rådmannen si innstilling

Kommunestyret vedtar å støtte dette prosjektet med kr 42 000 kroner, finansiert gjennom bruk av disposisjonsfondet.

### 13.05.2013 Formannskap

#### Møtebehandling:

Kommunalsjef Tone Holvik orienterte.

Formannskapet ønsker mer informasjon vedr. differansen på kommunens andel av prosjektene fra Reisemål Stryn og Nordfjord og Silda Velforening.

Formannskapet foreslår at administrasjonen utreder dette til behandlingen av saken i Oppvekst- og kulturutvalget tirsdag 14.05.2013, og at Formannskapet får saken til behandling igjen på ekstraordinært Formannskap torsdag 30.05.2013 i forkant av Kommunestyremøte samme dag.

### Votering

Formannskapet vedtok enstemmig å utsette saken.

F-037/13

#### Vedtak:

Behandling av saken utsettes til torsdag 30.05.2013.

### 14.05.2013 Oppvekst- og kulturutval

#### Møtehandsaming:

Tenesteleiar for kultur Odd Gunnar Myhre orienterte.

Saka var oppe i Formannskapet 13.05.2013, og der vart det bestemt å utsette saka til 30.05.2013.

Rådmann endrar si innstilling til:

«Kommunestyret vedtar å støtte dette prosjektet med kr 42 000 kroner, finansiert innanfor ramma til budsjettområde kultur. Justering av ramma til området vert innarbeidd i Økonomimelding 1.»

Ap v/repr. Frode Kupaen la fram følgjande endringsforslag til vedtak:

«Oppvekst- og kulturutvalet vedtar å støtte prosjektet til Ytre Nordfjord turlag med kr 17.000,- finansiert innanfor ramma til budsjettområde kultur. Justering av ramma til området vert innarbeidd i Økonomimelding 1.»

Oppvekst- og kulturutvalet oppmodar Silda Velforening om å søke Reisemål Stryn og Nordfjord om støtte på nytt, eller søke om kulturmidlar frå Vågsøy kommune.

Utvalet ber administrasjonen om å informere Silda Velforening om søknadsfrist på kulturmidlar.

## **Votering**

Det vart votert alternativt over rådmannen si innstilling og endringsforslaget til Ap. Endringsforslaget til Ap vart samrøystes vedtatt.

OK-026/13

## **Vedtak:**

Oppvekst- og kulturutvalet vedtar å støtte prosjektet til Ytre Nordfjord turlag med kr 17.000,- finansiert innanfor ramma til budsjettområde kultur. Justering av ramma til området vert innarbeidd i Økonomimelding 1.

## **30.05.2013 Formannskap**

### **Møtebehandling:**

Tjenesteleder Kultur, Odd Gunnar Myhre, orienterte.

## **Votering**

Oppvekst- og kulturutvalget sin innstilling til vedtak ble enstemmig vedtatt.

F-046/13

## **Vedtak:**

Kommunestyret vedtar å støtte prosjektet til Ytre Nordfjord turlag med kr 17.000,- finansiert innanfor ramma til budsjettområde kultur. Justering av ramma til området vert innarbeidd i Økonomimelding 1.

## **Bakgrunn for saka**

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppmodar Vågsøy kommune om medfinansiering av merking og gradering av turstiar.

## **Saksopplysningar / fakta**

Vestlandsprosjektet er eit prosjekt som har som mål å sikre gode og trygge naturopplevingar. Dette vil dei oppnå ved å merke og gradere turløyper for til dømes vandring, sykling, ski og padling. Dei ulike løypene vert skilta med ei fargekode for at ein skal kunne vite kor krevjande turen er. Ei løype

som er merka med grøne skilt er mindre krevjande enn ei som er merka med svarte skilt. Dette er ein mal som vil bli nytta i heile Norge og som allereie er mykje nytta i Europa.

I Nordfjord er det Reisemål Stryn og Nordfjord som har koordinert dette arbeidet. I Vågsøy var det ved oppstart Ytre Nordfjord Turlag som viste interessert for prosjektet og som har hatt kontakt med Reisemål Stryn og Nordfjord. Ytre Nordfjord Turlag har arbeidd med å få merka og gradert desse stiane:

#### **2011/12**

Synnevahornet

Hanekammen

Rystestøylen

Skadebakken

Kjeretoppene

Veten

Gotterøysa

Brurahornet

Kletten (Holvik)

Skongeneset

#### **2013**

Salen

Skolma

Børahornet, denne er fornya, ikkje midlar til denne i 2011/12.

I tillegg er det i 2013 søkt om ei «Sentrumstavle» med opplysningar om turstiane. Planen er å få sett den opp i sentrum av Måløy for å informere om ulike stiar i kommunen.

Det har vore ei utfordring for YNT å få på plass grunneigaravtalar. I starten av april 2013 vart skilt til turane som ein fekk tilskot til i 2011/12 sendt til produksjon. YNT har planer om å sette desse opp i løpet av sommaren 2013.

Ein del plassar er dei kome lenger i prosessen enn i Vågsøy. Her er det gjerne kommersielle interesser tilstade, slik som ved skianlegg, hyttefelt og liknande.

Frå 2013 krev Gjensidigestiftinga kommunal og fylkeskommunal medfinansiering ut frå denne finansieringsnøkkelen:

Gjensidigestiftelsen	25%
Fylkeskommune og kommune	25%
Dugnad/anna stønad	50%

Fylket oppmodar no alle kommunar med å gå inn med 12,5% av alle prosjekt. Fylket vil og gå inn med 12,5%, slik at ein saman går inn med den totale innsatsen som finansieringsmodellen legg opp til.

I år er det og kome inn ein søknad frå Silda Velforeining på ein del turstiar på Silda utanom det som Reisemål Stryn og Nordfjord koordinerer.

Det betyr at der er to «prosjekt» som krev kommunal medfinansiering.

Reisemål Stryn og Nordfjord sin søknad krev medfinansiering frå alle Nordfjordkommunane. Her vil Vågsøy kommune sin del bli 17 000 kroner. Dette er fordelt ut frå prosjektsøknadane frå den enkelte kommune. Det vil for Vågsøy sin del bli løyper som YNT har søkt støtte til i 2013.

Silda Velforeining har søkt støtte til merking og gradering av ulike løyper på Silda. Totalkostnaden på prosjektet er berekna til 200 000 kroner. Det betyr at den kommunale delen blir 25 000 kroner.

Totalt blir den kommunale delen på 42 000 kroner i 2013.

## Vurdering / konsekvensar

Tilrettelegging av stiar og anlegg er ein viktig faktor for å få folk til å drive med fysisk aktivitet. Ved å merke stiane vert dei lettare tilgjengeleg for både fastbuande og tilreisande. Gode turmoglegheiter kan og ha positiv effekt på turistnæringa og folkehelsa.

Det er mange turstiar i Vågsøy og det vil bli krevjande å få merka og gradert alle. At YNT og Silda Velforening har teke dette initiativet er positivt og det er synd at det eventuelt skal stoppe opp på grunn av at kommunen ikkje vil prioritere dette.

At Gjensidigestiftinga krev kommunal og fylkeskommunal medfinansiering er nytt frå 2013. Før søknadsrunda i 2014 bør det vere ein prosess mellom Vågsøy kommune og lag/organisasjonar som har lyst til å merke stiar.

Rådmannen tilrår at ein finansierar dette gjennom bruk av disposisjonsfondet.

### Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	U	15.04.2012	Ytre Nordfjord Turlag	Signert avtale om tilrettelegging og merking av turstier Synnahornet
2	U	15.04.2012	Ytre Nordfjord Turlag	Signert avtale om tilrettelegging og merking av turstier
3	I	02.04.2013	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Oppmoding om kommunal medfinansiering av merking og gradering av turstiar i Vågsøy
4	I	18.04.2013	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Om oppmoding om kommunal medfinansiering - merking og gradering av turløyper i Nordfjord
5	U	24.04.2013	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Om oppmoding om kommunal medfinansiering - merking og gradering av turløyper i Nordfjord